

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Fonna HF  
Dato: 22.01.16  
Frå: Administrerende direktør  
Sakshandsamar: Olav Klausen  
Saka gjeld: Årleg melding for Helse Fonna HF 2015

**Styresak 06/16 A**  
2 vedlegg

**Styremøte 29.01.16**

---

## **Forslag til vedtak:**

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding 2015 med dei endringane som framkom i møtet.

## Bakgrunn for saka

Helseføretaka skal sende ei årleg melding til Helse Vest RHF. Denne meldinga skal vere eit underlag for Helse Vest RHF si melding til Helse- og sosialdepartementet. Det skal rapporterast på alle krav i styringsdokumentet. På bakgrunn av styringsdokumentet sender Helse Vest RHF ut ein mal som gjer grunnlag for utforminga av årleg melding.

I § 12 i vedtektene til Helse Fonna HF heiter det mellom anna:

*...Det skal også fremgå av oversendelsen av årlig melding at brukarutvalg har fått forelagt meldingen før denne sendes Helse Vest RHF, jf. § 13...*

I § 13 i vedtektene til Helse Fonna HF heiter det:

### *Årleg melding*

*Styret skal hvert år sende en melding til Helse Vest RHF som omfatter:*

- *styrets plandokument for virksomheten*
- *styrets rapport for foregående år*

Årleg melding for Helse Fonna HF er formelt drøfta med dei tillitsvalde 01.12.15

Det var ingen protokolltilførslar. Administrerande direktør har tatt med innspel som kom i møtet i meldinga.

Årleg melding er lagt fram for Arbeidsmiljøutvalet 16.12.15, som tok saka til orientering. Administrerande direktør har tatt med innspel som kom i møtet i meldinga.

Brukarutvalet i Helse Fonna har handsama årleg melding.

Uttale frå brukarutvalet er lagt ved saka.

Fristen for å sende årleg melding for 2015 var 15.01.16. Administrerande direktør har sendt årleg melding til Helse Vest innan frist, med atterhald om styrets godkjenning. Eventuelle endringar som styret i Helse Fonna HF gjer vil bli rapportert til Helse Vest.

## Vedlegg

Årleg melding 2015 for Helse Fonna HF.

Uttale frå brukarutvalet.